



God jul!



Utgeve av Sogndal kyrkjelege fellesråd

Redaktør: Hallgeir Øgaard Westli

Besøksadresse:
Stedjetunet, 2. etasje
Kyrkjevegen 6
6856 Sogndal

Bladpengar, gjerne kr. 400, kan betalast til Sogndal kyrkjelydsblad sin konto 3705.19.42087 eller til Vipps-nr 594582. Merk: «Bladpengar»

Postadresse:
Sogndal kyrkjelydsblad,
Postboks 180, 6851 Sogndal

Telefon kyrkjekontoret:
57 67 99 85
e-post: post.sogndal@kyrkja.no

Heimeside:
www.sogndal.kyrkja.no

Grafisk:
printfarm.no

Kyrkjelydsbladet blir sendt til heimane i alle sokn i Sogndal kommune. Det er også mogleg å tinga bladet for dei som bur utanfor sokna bladet vert distribuert til.

Neste nummer av kyrkjelydsbladet kjem ut i midten av mars. Stoff kan sendast til post.sogndal@kyrkja.no innan 6. februar.

Foto på framsida:
Stort bilete (øverst):
Nordlys over Stedje kyrkje.
Foto: Maria Hartung Aaby

Lite bilete (nedst):
Jesu fødsel (måla ca. 1433/1434)
av Zanobi Strozzi (1412 – 1468).
I samlinga til Metropolitan Museum
of Art, New York. Kjelde: Wikimedia

ANDAKT:

Ei julebøn frå biskopen

Ein gong fekk mor mi eit julekort som begynte slik: "Kjære Jesus". Vi lo mykje av det kortet. No hugsar eg ikkje lenger kven avsendaren var. Men eg tenker at han eller ho sikkert var vant til å be, og fann ro og styrke i å be til Jesus. Så i ei stille kveldstund med ein bunke julekort framfor seg og tankane i flyt, var det kanskje mest nærliggande å skrive nettopp det: Kjære Jesus.

Sjølv er eg veldig glad i å få julekort. Eg prøver å sende nokre frå meg også. Eg synest det er fint å skrive til slekt og vener om året som har gått, korleis vi har det i familien, og kanskje også med ein refleksjon over hendingar i verda som har gjort inntrykk på oss. Til det siste vil det i alle fall vere mykje å ta av når dette året går mot slutten.

Bibelen inneheld mange brev. Kanskje ikkje akkurat julebrev, men elles med mykje som liknar dei breva vi sender i denne tida: Med stor omsorg for mottakarane og med gode råd for korleis ein skal leve saman i kyrkjelydane og vere truverdige vitne om trua på Jesus Kristus. Og ikkje minst: Med overtverdande glede og kjærleik til Gud som har gjeve oss den finaste av alle gåver: Jesus Kristus. Gåva som har gjeve evig von.



Eit brev vi kan lese i juletida, er brevet frå Paulus til kyrkjelyden i Roma. Der minner han både kyrkjelyden og oss om barnet som vart fødd i Betlehem, han som kom frå Gud og som gav oss vona som gjer at vi kan få del i den himmelske glede:

Isais rotskot skal koma, han som reiser seg og rår over folka, til han skal folkeslaga setja si von. Må Gud, som gjev von, fylla dykk med all glede og fred i trua, så de kan vera rike på von ved Den heilage andens kraft. (Rom. 15, 12-13)

Denne jula skal vi igjen verkeleg kunne seie: Kjære Jesus!
For Jesus er vona vi har fått del i. Vona som vaks fram or ein kvist – eit rotskot. Barnet som kom til verda i mørke og kulde er han som kom med frelse for alle menneske. Det er verkeleg slik Paulus skriv så oppmuntrande i brevet sitt: Vi kan vere rike på von

HAR DU STOFF OG BILETE TIL KYRKJELYDSBLADET?

Sjå nettsidene våre, www.sogndal.kyrkja.no/kyrkjelydsblad for korleis du kan sende stoff til oss. Der ligg kalendar med dei neste fire stofffristane.

For 2026 er det planlagt desse utgåvene:

Påske – Frist: 6. februar Sommar – Frist: 8. mai
Haust – Frist: 14. august Jul – Frist: 16. oktober

ved Den heilage andens kraft!

Kanskje er det ei erfaring at det er ut frå det som er stussleg og lite, det vi tenkte små tankar om, at noko vakkert vaks fram. Vi kan tenke på vårt eige liv og sjå at der er spor attende til ein stad der det var håplaut, der livet var mørkt, der ein ikkje såg von for morgondagen. Men midt i det som var mørkast og mest utan von, har vi fått lovnad om det som skal kome som skulle vise seg å gjere ein skilnad. I mørket i stallen opna det nyfødde barnet augo og såg sine medmenneske



Julefest på Stedjetunet

Dåpsringen i samarbeid med dei tilsette ved kyrkje-kontoret, inviterer til julefest for små og store, frå alle sokn, måndag 29. desember kl. 16 til 18 på Stedjetunet.

Vi syng julesongar, går rundt juletreet, og kanskje kjem nissen innom og?

Dåpsringen står for serveringa, og det vert ulike innslag på festen, så hjarteleg velkomen!

med Guds blick. Han kom med lyset. Der var Gud.

Så om eg skulle skrive ei julebøn dette året, ville den vere slik:
Kjære Jesus, det er du som skal kome.
Av den tørraste kvist skal von springe fram.
Av det som ingen rekna for noko, skal liv bryte fram.
Vi gler oss til du kjem. Vi treng at du kjem.
Amen.

Ragnhild Jepsen
Biskop i Bjørgvin

Jens Z Meyer
Foto

Kyrkjelydsbladet treng DI hjelp!

Kyrkjelydsbladet er ein viktig kanal for kyrkja å nå ut med informasjon til dei som bur i sokna våre, både med reportasjar om det som har skjedd og informasjon om kva som skjer i kyrkjene våre.

Ei årsproduksjon av kyrkjelydsbladet kostar om lag kr. 300.000,-, inkludert distribusjon til alle husstandane i kommunen. Mykje av dette får vi dekt inn gjennom annonsørar, abonnentar og frivillige bladpengar. Vi er svært takksame for dei som har gitt bladpengar så langt i 2025.

Per november 2025 ser det likevel ut til at kyrkjelydsbladet går i minus for 2025, og vi går no ut med eit håp om å få inn meir i frivillige bladpengar, slik at bladet kan kome seg over på «rett side». Bladpengane er som nemnd frivillige, og i dei fakturaene som ligg ved kvart første årsnummer, er det foreslått ein sum på kr. 400,-.

Dersom vi hadde fått 750-1000 husstandar i kommunen til å gi foreslått sum kvart år, ville det åleine vore med på å finansiere kyrkjelydsbladet sine utgjevingar for eitt år.

Ynskjer du å bidra til at vi kan gje ut kyrkjelydsbladet for Sogndal, kan du gjere dette ved å betale til:

Kontonr. 3705.19.42087

Vipps: 594582 (Sogndal kyrkjelege fellesråd)

Merk gåva di med: "Kyrkjelydsbladet" Du kan sende valfri sum, men gjerne kr. 400,-

Takk for ditt bidrag!

God stemning på Stedjetunet

Ein torsdagskveld i oktober er «Sjølveste Sognapresten» ute på framsnakkingstokt. Det går rykte om at det skjer noko på Stedjetunet som folk må få vita om!

I det han kjem inn i foajeen på Stedjetunet, høyrer han latter og song. Det er kveld, og det er opplett, så her manglar både sol og regn – men latter og song er det nok av. Inne i storsalen, står ein gjeng born i frå 4. – 7. klasse, og har noko som ved første augnekast kan minne om ein blanding av yoga og korøving. Det viser seg å vere det siste – koret er midt i oppvarminga.

- Vi er ein gjeng på om lag 15 ungar som har øvd her annankvar torsdag sidan september, ein engasjert og flink gjeng, seier Hallgeir Øgaard Westli, kantor i fellesrådet, som i lag med trusopplærar Birte Husum og Anita Insteffjord på kyrkje-kontoret har hatt ansvar for prosjektkoret.

Tysdag 9. desember skal dei visstnok få syngja i lag med «Sjølveste Atle Pettersen» på konsert i Stedje kyrkje. Nokon av ungene veit kven han er, men ikkje alle. «Han har vore ein del på tv», er det nokon som seier og nemner blant anna «Beat for beat».

- Å, det har eg sett på, er det fleire som seier.

Dei er ikkje veldig nervøse – dei har øvd på dei fire songane dei skal syngje ei stund, og har lært fort. Men;

- Ein kan jo få jrnteppe når ein står framfor publikum, og gløyme teksten. Men då er det berre å høyre kva dei andre syng, seier Leah Fimreite Cirotzki (11). Fleire av ungene har vore med å



Prosjektkoret song på Lysvaken-gudsteneste i Stedje kyrkje 9. november.

syngje før, mellom anna gjennom Showtime, kulturskule og andre barnekor. På spørsmålet om kva som er det kjekkaste med å vere med i koret, er dei samstemte:

- Å SYNGJE!

- Ja, og så å tulle og tøyse og prate i pausen, følgjer Leah opp. Dirigenten er nøgd med at dei syns det er så kjekt å syngje, og fortel at dei er veldig engasjerte, lærevillige og syng fint:

- Det har gått utruleg bra, og dei har lært veldig fort. No er det fleire her som har vore med å syngje på framføringar tidlegare, og sånn sett ikkje heilt ukjent med å lære seg nye songar. Men likevel syns eg det har gått fort. Etter nokre få øvingar kunne dei stort sett dei fleste songane utan å sjå på teksten, seier Hallgeir Øgaard Westli.

Prosjektet kom i stand etter ein forespørsel frå managementet til Atle Pettersen; han skulle ha ein turné og ynskte mellom anna å ta turen innom Sogndal. For nokre år sidan hadde Stedje sokn eit prøveprosjekt med eit ungdomskor, men hadde ikkje noko akkurat no. Då blei løysinga å starte eit prosjektkor for akkurat denne eine konserten.

Dei har ikkje tenkt så mykje på korleis det blir å syngje i kyrkja, men då sognapresten spør, kjem svara:

- Eg trur det blir både litt skummelt og veldig gøy, svarar Nora Øgaard Westli (9).

- Ja, eg og trur det blir gøy, men kanskje òg litt flaut om ein gløymer teksten, seier Leander Fimreite Cirotzki (9).

- Då kan du jo berre herme etter

dei andre, følgjer storesøster Leah opp.

Dei andre er einige i at dei trur det blir kjekt:

- Eg gleder meg og trur det blir veldig gøy, seier Amanda Henningsen Mundal (12).

Praten går livleg rundt i gruppa om korleis det blir, og for dei som er nervøse, kjem det eit godt råd frå Fjærland:

- Ein kan glede seg masse, samstundes som ein gruar seg. Men kvar gong ein gruar seg, så blir det vanlegvis veldig bra, seier Heidi Henningsen Mundal (10). Stemninga i gruppa er svært god, og det er tydeleg at dei har blitt godt kjende med kvarandre. Fleire meiner at dei burde vore endå fleire, for det er så kjekt:

- Fleire burde byrje på kor, seier Nora (9).

- Ja, eg er heilt einig med Nora. Det er skikkeleg gøy på kor. Fleire burde prøve, og kanskje særleg gitar, svarer Leah. Med to gitar blant 15 ungar er det lett å skjønne at ein gjerne skulle hatt fleire gitar, men vi spør likevel kvifor Leah trekkjer frem akkurat gitar?

- Eg trur at dei tenkjer at det ikkje er så kult eller gøy å syngje i kor, og difor prøver dei ikkje. Men eg er heilt sikker på at om dei først hadde prøvd, så hadde dei tenkt at det er skikkeleg gøy! Seier Leah.

Dirigenten er einig, og trur mange nok vil tenkje at det er gøy i kor om dei først prøver.

- Blir det meir kor då?
- Vi får sjå, svarar dirigenten.



- Koret skal no syngje på LysVaken pluss denne konserten, og samstundes får vi ta ei undersøking i gruppa om det er stemning for å fortsette koret også etter nyttår. Eg trur stemninga for det er tilstades, så eg trur fort at det kan bli eit meir permanent tilbod, fortset dirigenten.

- Då må vi ha med fleire!! ropar ungene.

«Sjølwaste Sognapresten» går ut i natta etter ei øving med fin song og god stemning, og tenkjer; desse må eg fortelja sogningane om!

Sjølwaste Sognapresten

Tekst

Birte Husum

Foto

KOR OGSÅ ETTER NYTTÅR

Red. anm: Rett før bladet går i trykken, får redaksjonen beskjed om at det vert kor etter nyttår. Koret får øving annankvar torsdag, sannsynlegvis oddetallsveker frå 15. januar. Sjå nettsidene for meir informasjon.



Kyrkjelydshytta



Fyr i ovnen

Skaparverkstur for konfirmantane

I løpet av veke 39 og 40 hadde konfirmantane frå Stedje, Fjærland, Norum, Kaupanger og Leikanger sokn ein tur i Sogndalsdalen fordelt på 5 ettermiddagar. Trass i at Anita lova regn kvar tur, så skein sola flott mange av turane i år, og bidrog til nokre magiske ettermiddagar i vakre Sogndalsdalen.

Turen startar ved Hodlekvebrui der konfirmantane deler seg i grupper og gjer seg klar til tur, blant anna ved å øve på Måne og sol, som dei skal synge medan dei går. Så blir dei sendt avgarde gruppevis for å oppleve skaparverket på mange forskjellige måtar.

Først får dei møte ein vismann - eller dame - som snakkar med dei om korleis me tenker verda vart skapt, og at det finns forskjellige tankar om det. Gud har gitt oss evna til å utforske skaparverket, og til å bruke hovudet til å tenke og utforske. Kan ein vite, eller er det snakk om tru?

Vidare kjem dei til ein stasjon der

det er dekkja på med så mykje frukt dei vil ha. «Kan me ta så mykje me vil??» Smak og sjå at Herren er god. Her er det samtalar om kva me smakar, opplever og sansar, og at dei opplevingane er våre eigne, og at me oppfordrar til å gjere seg opp ei eiga mening. Ei av utfordringane på denne stasjonen er: Kan du sjå med munnen? Og kan du smake med augene? Kva trur du?

Neste post er ein skattejakt etter det finaste Gud har skapt, som ein kan finne i ei skattekiste i nærleiken. Ein og ein skal dei sjå i skattekista det finaste Gud har skapt. Etterpå følgjer ein samtale om det dei har sett, og om kor

verdifulle og høgt elska alle er av Gud.

Å ta vare på skaparverket er også ei viktig oppgåve me menneske har fått. Det me gjer får følgjer for skaparverket og naturen vår, og at me forvaltar ansvaret vårt på ein god måte har mykje å sei. Dette er tema for den neste stasjonen, der dei må leite etter ting som ikkje høyrer naturleg til ute i naturen og samle dei inn. «Alt heng saman med alt».

Siste stasjonen går føre seg på kyrkjelydshytta. Kyrkjelydshytta ligg på Nerestad i Sogndalsdalen, og er eigd av Stedje sokn. Når konfirmantane kjem opp her får dei i oppgåve å teikne Gud.



Ivrig danske møter sau



Sauer er også ein del av skaparverket



Konfirmanthefte



Pølser på Kyrkjelydshytta



Skattekista

Og korleis skal me teikne eller førestille oss ein usynleg Gud? Ved hjelp av fargar tegnar konfirmanntane fargane dei ser seg for seg når dei tenkjer på Gud. Etter denne store oppgåva får dei prøve seg på ein quiz. Veit du til dømes kva for språk Jesus snakka, eller kor mange bispedømer me har i Noreg? Konfirmanntane får alternativ, og kan gjette seg til svaret, og forhåpentlegvis lære litt undervegs.

På Skaparverkstur høyrer det pølser med, og så mange som du vil ha! Nokon få nøyer seg med ei

eller to, medan dei fleste nyttar høvet til å forsyne seg med mange fleire!


Å høyre konfirmanntane synge av full hals MÅNE OG SOOL når me oppsummerar dagen, og at dei seier «det var faktisk ganske kjekt», gjer all planlegging for tilsette, konfirmanntar og føresette, pølser til middag på femte dagen, ein kaos-bil nokre veker, takknemlege og fornøgde smil i det dei forlet hytta vel verdt det!

Anita Insteffjord
Tekst og foto



Smak og sjå at Herren er god

Innsamling til restaurering av orgelet i Tjugum kyrkje



Orgelet i Tjugum kyrkje vart bygd av Olsen & Jørgensen i 1905, og har 11 stemmer. Orgelet er no nokså nedslite og har fleire manglar, som dårleg belg og sliten mekanikk. Orgelet er likevel rekna som sjeldant og bevaringsverdig. Konsulent Hallgeir Øgaard Westli har avklara med Kirkebevaringsfondet at restaureringa av orgelet i Tjugum kyrkje kvalifiserer til å kunne søkje støtte frå fondet. Fondet kan dekke opptil 50 % av totalkostnaden ved orgelrestaureringa.

Restaureringa av orgelet er eit stort økonomisk løft, Kostnaden vil ligge på ca 1,9 mill. Det står i dag ca 50.000 kr på konto knytt til orgelet i Tjugum kyrkje. Det er lagt til grunn at Kirkebevaringsfondet gjev ein betydeleg sum (ca 50%) av totalkostnaden. Det er òg lagt til grunn at lokalt sokn må samle inn ca kr 315 000,-. Finansieringa vert då ei tredeling mellom Kirkebevaringsfond, kyrkjeleg fellesråd og soknerådet.

Lokal innsamling

Oppfordringa går difor ut til folk flest i Balestrand om å være med å støtte restaureringa av orgelet i Tjugum kyrkje. Stort eller lite, alle monnar dreg!

På Balestrand sokn sin Vippskonto er det ein eigen kategori pkt.6.Orgel Tjugum-restaurering, med høve

til å gje ei gåve. Større gåver kan gjevast direkte til soknerådet sin bankkonto. 3805.10.32583 (merk: «Orgel»). Vi minner om at gåver til Den norske kyrkja på over 500 kroner i laupet av eit år gjev rett til skattefrådrag. Vi vil ta kontakt med gjevarar for å avklare ønske om dette.

Andre måtar å gje gåve på kan være minnegåve ved gravferd. Konsertar til inntekt for orgelet. Aksjebrev med høve til å «kjøpe» ei eller fleire orgelpiper. Får vi det til vil vi også selje «orgelbrus».

Framdriftsplan for prosjektet er slik:

- Forprosjekt; 1. Halvår 2026
- Søknader til biskop, Riksantikvar og Kirkebevaringsfond for restaurering; haust 2026
- anbudsrunde; haust 2027
- Mål om ferdig restaurert orgel innan 2030

Me er takksame for at DU vil være med å støtte orgelprosjektet i Tjugum kyrkje. Då kan framleis tonane frå orgelet klinga både ved gudstenester, vigsle og gravferd. I tillegg opnar det for orgelkonsertar.

For orgelkomiteen
Tore Brudvik
Tekst og foto

Reint vatn har endra livet

Norske kyrkjelydars innsats i Kirkens Nødhjelps fasteaksjon gir livsviktig støtte til menneske som treng det. For Tsion og Gaba har livet endra seg: Landsbyen deira har fått tilgang til reint, rennande vatn.

Tsion (12) og Gaba (13) smiler breitt medan klart vatn fossar ut av krana ved vassposten ved elveleiet. Det går raskt å fylle kanna, og ikkje minst: Vatnet er reint.

Nyleg endra alt seg for familiane her i landsbyen Kutishafa i South Omo sør i Etiopia. Kirkens Nødhjelp har bidrege til reint vatn her. Norske kyrkjelydars innsats i Kirkens Nødhjelps fasteaksjon kvart år bidreg til dette arbeidet. Tidlegare måtte jentene grave med berre hendene for å finne vatn under sanden i elvebotnen. Det tok lang tid, og dei fekk lite vatn. Sidan vatnet var ureint, vart mange ofte sjuke. Jentene rakk ofte ikkje skulen etter å ha henta vatn om morgonen, og mista verdifull undervisning.

Kirkens Nødhjelp har skaffa vatn her saman med den lokale partnaren Action for Development (AFD). Systemet er enkelt, men effektivt: Ei demning og ein brønn med ein vasspost.

– Som regel kjem det regn i to månader, så ikkje meir. Elles i året



Gjennom Kirkens Nødhjelps fasteaksjon bidreg norske kyrkjelydar til at menneske kan få livsviktig støtte. Tsion (12) og Gaba (13) har fått reint vatn i landsbyen i South Omo sør i Etiopia. Foto: Kirkens Nødhjelp.

er det tørt på overflata i elveleiet. Vi laga ei demning slik at når regnet kjem, stanser vatnet her, fortel Gedewon Teka, vassekspert ved Kirkens Nødhjelps landkontor i Etiopia.

Ved demninga spreier vatnet seg i alle retningar under jordoverflata. Vatnet blir filtrert inn i ein brønn like ved, gjennom sand og jord. Ei handpumpe er montert på vassposten.

– Sand og jord er eit perfekt filter. Mikrobar blir fjerna når vatnet blir filtrert gjennom sanden, og vatnet blir klart. Dette er reint vatn. Og vatnet er tilgjengeleg heile året her no, seier Gedewon.

Åsne Gullikstad

Tekst

Håvard Bjelland

Foto



Endeleg kan innbyggjarane i landsbyen drikke reint vatn. Det gir betre helse, og jentene får meir tid til skule. Norske kyrkjelydars innsats i Kirkens Nødhjelps fasteaksjon er eit viktig bidrag. Foto: Kirkens Nødhjelp.

FAKTABOKS

Kirkens Nødhjelps fasteaksjon er:

- Noregs nest største bøsseaksjon etter TV-aksjonen. Pengane som blir samla inn, går til Kirkens Nødhjelps arbeid over heile verda.
- Over 40 000 frivillige bøsseberarar frå om lag 1200 norske kyrkjelydar i Noreg.
- To veker før påske. Aksjonsdagane i 2026 er 22. –24. mars.
- Temaet er: Håp i ein drope vatn.
- I 2025 blei det samla inn om lag 36 millionar kroner.

Etiopia

- Kirkens Nødhjelp har vore til stades i Etiopia sidan 1974.
- Plassering: Aust-Afrika, på «Afrikas horn».
- Innbyggjarar: 132 millionar.
- Hovudstad: Addis Abeba.
- Religionar: Etiopisk-ortodoks kristendom, protestantisk kristendom, islam, lokale religionar.

Trusopplæringstiltak i våre sokn vinter og vår 20206 Balestrand sokn

Babysong/småbarnstreff (0-3 år):

Velkommen til prat, song og føremiddagsmat på Helsestasjonen kl 11-12.30 første **måndag** i månaden: **1. desember, 5. januar, 2. februar, 2. mars, 13. april og 4. mai.** Følg gjerne Facebook-gruppa *Balestrand baby-song* eller ta kontakt direkte med kyrkjelydspedagogen (466 97 476).



Velkommen på Nestenåring (5.-8. klasse) på Bedehuset kl 18-20 **fredag 16. januar, 6. februar, 6. mars, 17. april, 8. mai og 5. juni.**



Minikonfirmasjon for 5. klassingar våren 2026: Samlingar i Kyrkjestova rett etter skulen **måndag 12. januar, 26. januar, 9. februar og 23. februar.** Gudsteneste med presentasjon og bokutdeling i Tjugum **18. januar** og diplom i Tjugum **1. mars. Minikonfirmantelg** på Alværa (Lavik) saman med minikonfirmantar frå andre sokn 24.-26. april. Påmelding til 466 97 476 innan 5. januar.

Adventssamling for småbarnsfamiliar (0-5 år) i St. Olafs kyrkje **onsdag 3. desember kl. 17.30.** Julekrubbe, song og gåver til borna.



Alle som går på ungdomsskulen er hjarteleg velkomne på Samtalegruppe annakvar tysdag **kl 19.45-21.30** heime hos familien Risa i Fjærestad 42. Vi et saman, pratar om liv og tru, utforskar Bibelen og blir betre kjende med Gud og kvarandre.



I tillegg til trusopplæringstiltaka arrangerer frivillige lag og organisasjonar mange gode og kjekke aktivitetar for born og unge med rom for å vekse i trua.

Engleverkstad for 7-åringar med følge i Kyrkjestova ved Tjugum kyrkje **tysdag 2. desember kl. 17.30-19.**

Lysmesse for alle aldrar i Tjugum kyrkje **søndag 7. desember kl 17.** Deltaking av konfirmantane samt andre barn og unge.



Velkomen på blant anna:
• **Spiren (3-7 år) og Addis (8-13 år)** kl 17.00-18.30 onsdag i oddetalsveker (vår)
• **KRIK (14-20 år)** kl 16.30-18 kvar fredag
• **Kveldsmøte** i møtesalen på Sygna vgs **kl 20 kvar torsdag**

Har du spørsmål eller innspel til noko av dette, eller du berre ynskjer ein prat, ta kontakt med kyrkjelydspedagog og ungdomsdiakon Magni (466 97 476).

For meir informasjon om ulike trusopplæringstiltak i kyrkjene våre, sjå www.sogndal.kyrkja.no/TOL. Du finn oss og på Facebook: Kyrkja i Sogndal og Trusopplæring – Kyrkja i Sogndal.

Trusopplæringstiltak i våre sokn vinter og vår 2020/21 Stedje, Kaupanger, Norum, Leikanger og Fjærland sokn

Babysong for 0-åringar

Kaupanger bedehus og Stedjetunet har babysong annakvar onsdag, medan Leikanger kyrkjelydshus har babysong annakvar torsdag.

Nyårs-sesongen startar 28. januar (Kaupanger), 4. februar (Stedje), 5. februar (Leikanger). Sjå datoar på heimesida, i Kva skjer-appen og på Facebook-gruppa Babysang i Sogndal.



Foto: Bo Mathisen/Dnk

Småtrolltrall for 1-3-åringar

Me møtest kvar tredje torsdag frå 22. januar, på Stedjetunet kl. 17.15 til 18.15 for song, regler, lek, kjeks og frukt. Ta gjerne med familien. Datoane kjem på heimesida og i Kva skjer-appen, og me oppmodar deltakarar til å bli med i SPOND-gruppa vår. Meir info på nettsida.



Utdeling til 11-åringane: Teikneseriebibelen.

- Fjærland kyrkje: søndag 8. februar kl. 11:00
- Kaupanger bedehus: søndag 8. februar kl. 17:00
- Leikanger kyrkje: søndag 1. februar kl. 17:00
- Ølmheim kyrkje: søndag 8. februar kl. 11:00
- Stedje kyrkje: søndag 1. februar kl. 11:00



Illustrasjon, IKO

1. mars i Stedje kyrkje kl.11:00: SPRELL LEVANDE gudsteneste, med særskilt invitasjon og gåve til 5-åringane og fyrste halvdel av 4-årskullet.



Foto: Penne/Leifral Sleen

Påskefest for alle med utdeling av 6-års-bok: søndag 12. april.

- Ølmheim kyrkje: kl. 11:00
- Leikanger kyrkje: kl. 13:00
- Dei andre sokna deler ut seksårsbøker i juni (Fjærland) og august (Stedje, Kaupanger og Leikanger)

Velkomen innom kyrkjekontoret, om du ikkje har fått boka di eller arbeidsheftet i 2025!

Følg med på heimesidene våre for meir info om alt! www.sogndal.kyrkja.no/
Born-og-unge



Foto: Bo Mathisen/Dnk

Tårnagentdag i Stedje kyrkje for 8-9-åringar.

Dag for Tårnagent er ikkje fastsett når kyrkjelydsbladet går i trykken, men dette blir i Stedje kyrkje i løpet av våren. Følg med på nettsidene våre og sosiale medier for informasjon.



VIL DU SOM VAKSEN BIDRA MED NOKO I TRUSOPPLÆRINGA?

Konkrete ting du kan gjere:

- Bake bollar.
- Vere tilstades som ein trygg vaksen person.
- Leie samlingar eller grupper. Til dømes søndagsskule, samtalegruppe for tweens, konfirmantar eller eldre ungdommar.
- Komme med gode idear på ting me kan gjere for barn og unge i kyrkjelydane våre.
- Bidra praktisk på babysong, småtrolltrall, engleverkstad, tårnagent, lys vaken eller anna.

Det er eit givande og fint arbeid, og me ynskjer at fleire kan få ta del i denne delen av å vere kyrkje i Guds rike.

Gje ein lyd til leiar i trusopplæringa, Birte Husum, om du har lyst til å vere med, eller har spørsmål når det gjeld trusopplæringa i Fjærland, Kaupanger, Norum, Leikanger eller Stedje sokn.

Tlf. 947 98 799 eller e-post: birte.husum@sogndal.kyrkja.no

For meir informasjon om ulike trusopplæringstiltak i kyrkjene våre, sjå www.sogndal.kyrkja.no/TOL.
Du finn oss og på Facebook: Kyrkja i Sogndal og Trusopplæring – Kyrkja i Sogndal.

Støttespelarane våre:



www.lerum.no



Printfarm

TRYKK DU BLIR GLAD I.

post@printfarm.no www.printfarm.no



Fossetunet 1 | 6856 Sogndal
Tlf: 57 67 65 40 | skjeldestad@kontorspar.no
www.kontorspar.no

alliance*

OPTIKK

Sogn Synssenter

Eit variert utval i alle prisklassar av innfatningar, brilleglas, kontaktlinser solbriller, kikkertar og luper.

Tlf: 57 67 50 50

Lokale til leige



Stedjetunet har lokale til leige til minnesamvær, dåpsselskap, konfirmasjon, bryllup og andre tilstelningar.

For informasjon om prisar, sjå www.stedjetunet.no



ADVOKATFIRMAET
TOLLEFSEN

Parkveien 5, 6856 SOGNDAL • Tlf. 57 62 88 50 • e-post: post@advokat-tollefsen



Optiker

Kjell M. Talleraas

6856 Sogndal • tlf. 57 67 11 10 • optikaren.no

HOLLEKVE
LIFTUTLEIGE

901 16 783

ncom

OFFENTLEG GODKJENT
REINGJERINGSFIRMA
www.ncomsogn.no



Byggmester

Ingmar Stenehjem

mob. 90 58 10 21 • tlf. 57 67 29 52
www.stenehjembygg.no

AMFI
SOGNINGEN



AMFI Mykje å gle seg til. Alltid.



NORDBOHUS SOGN
www.nordbohus.no/sogn



HOLEN INSTALLASJON AS

SOGNDAL • GAUPNE • LEIKANGER • VIK
www.holen-installasjon.no • Tlf. 57 67 75 00 • post@holen-installasjon.no



LINDBAK

SOGN OG FJORDANE

Telefon 57 67 66 99



solberg
el-service

Støttespelarane våre:

Sogn
gravferdshjelp

GRAVSTEIN

Me kan hjelpe med skriftfornyng, oppretting og rens av gravsteinar, på alle gravplassar i Indre Sogn.

57 68 14 77 • www.sogngravferdshjelp.no • post@sogngravferdshjelp.no

**EILERT & EDVIN
HOLME AS**



Telefon: 57 67 18 85

Opplæring klasse
A1-A-B-BE-T-M146

Trafikalt grunnkurs

E-post:
post@hofslundsengen-trafikkskule.no

VestlandsHus
TRYGGE HJEM

**ALT INNAN TØMRAR
OG BETONGARBEID**
KONTAKT OSS FOR TILBOD!

VestlandsHus
VestlandsHus Sogn AS • Tlf 57 67 33 88

KVAMME*REKNESKAP AS

Autorisert rekneskapsførarselskap
FJÆRLAND (57 69 12 03) – SOGNDAL (57 67 22 02)
laura@laurakv.no – 913 63 327

RØYRLEGGJAR

ingmar fimreite as
6856 Sogndal Tlf. 57 67 45 21 • mob. 905 00 331
www.fimreite.as

FS Anlegg as
www.fsanlegg.no

THARASO AS

**SOGN
KJØLESERVICE**
57 67 11 11 sognkulde.no

dyreklinikken
-i Sogndal AS

Man: 18.00 – 20.00
Tys og ons: 08.00 – 11.00
Tor og fre: 09.00 – 12.00
Tlf: 57 67 55 55 / 976 75 555

LEDIG ANNONSEPlass

Ynskjer du å annonsere i kyrkjelydsbladet,
fast eller enkeltannonse?

Ta kontakt med kyrkjekontoret.

**KIWI mini
pris**

KIWI Hermannsverk
08–22 (20)

TRENG DU
NOKON Å FORTELJE
DET TIL?

**KIRKENS
SOS**
22 40 00 40

Ætti i glede og sorg



Sjå sogndal.kyrkja.no for påmelding til dåp eller ta kontakt med kyrkjekontoret om moglege datoar for dåp og vigsel. Telefon 57 67 99 85

DØYPTE

KAUPANGER KYRKJE

26.10.2025 Eden Husabø Kanestrøm (busett i Ulset)
26.10.2025 Tuva Rolvsjord Nes (busett i Sogndal)

FJÆRLAND KYRKJE

20.09.2025 Alfred Supphellen

LEIKANGER KYRKJE

21.09.2025 Julie Bakken Njøs
21.09.2025 Klara Broch Marder

STEDJE KYRKJE

07.09.2025 Matilda Nondal Holkesvik
07.09.2025 Philine Lundemoen Solberg (busett på Bønes)
20.09.2025 Noah Midttun Vigdal
12.10.2025 Lukas Moaksen Nybø
18.10.2025 Gustav Bø Wigum
26.10.2025 Noah Stølen Gangeskar
26.10.2025 Lone Aase Ness
02.11.2025 Oliver Røse Aguiar

NORUM KYRKJE

28.09.2025 Amelia Berg (busett i Bergen)
11.10.2025 Kaia Haukås Berdal (busett i Gaupne)
02.11.2025 Kristoffer Andersen Ølmheim

VIGDE

BALESTRAND - TJUGUM KYRKJE

30.08.2025 Anne Sigrid Timberlid Hundere & Tom-Ruben Myklebust

BALESTRAND - ST. OLAFS KYRKJE

13.09.2025 Margreth Bjørkum Jensen & Ronny Ferstad

KAUPANGER KYRKJE

25.10.2025 Silje Cathrin Kveane Jeppestøl & Thomas Jeppestøl

NORUM-ØLMHEIM KYRKJE

11.10.2025 Hilde Haukås Berdal & Martin Berdal

STEDJE KYRKJE

29.08.2025 Marit Loven & Jonas Matre
20.09.2025 Tone Elen Midttun Vigdal & Kenneth Nedberge Vigdal

GRAVLAGDE

NORUM - ØLMHEIM

12.09.2025 Gjertrud P. Slinde f.1934

KAUPANGER

08.07.2025 Jakob Vangen Hauståker* f.2021

* Bisetjing i Bergen, urna sett ned på Kaupanger kyrkjegard 16.11.2025

LEIKANGER

28.08.2025 Else-Karin Rivedal* f.1947
18.09.2025 Karen Fredheim f.1932
19.09.2025 Margrete Svanevik (Bisetjing) f.1936
25.09.2025 Bjarne Nes (Bisetjing) f.1949
30.09.2025 Reidun Sofie Husabø (Bisetjing) f.1939
24.10.2025 Kjellaug Marta Johanne Gjengedal** f.1936
24.10.2025 Harriet Alma Reksnes f.1934

* Bisetjing i Lillehammer, urna sett ned på Husabø gravplass 22.10.2025.

** Kista sett ned på Hyen kyrkjegard, Gloppen

STEDJE

19.09.2025 Ingrid Hillestad f.1935
17.10.2025 Nils A Stedje* f.1944
21.10.2025 Wibecke Jenny Vatlestad f.1950

* Bisetjing i Stavanger, urna sett ned på Stedje kyrkjegard 07.11.2025

ADVENT OG JUL 2025

GUDSTENESTER

Lysmesser

Stedje kyrkje søndag 30. november kl. 19.30: Lysmesse

Ølmheim kyrkje søndag 7. desember kl. 16.00:
Lysmesse

Tjugum kyrkje søndag 7. desember kl. 17.00:
Lysmesse

Leikanger kyrkje søndag 7. desember kl. 19.00:
Lysmesse

Kaupanger stavkyrkje søndag 7. desember kl. 19.30:
Lysmesse

Julaftan

Balestrand helsetun kl. 11.30: Julaftangudsteneste

Ølmheim kyrkje kl. 13.00: Julaftangudsteneste

Sogndal helse- og omsorgssenter kl. 13.30: Andakt

Leikanger kyrkje kl. 14.30 og kl. 16.00:
Julaftangudsteneste

Stedje kyrkje kl. 14.00 og kl. 16.00:
Julaftangudsteneste

Kaupanger stavkyrkje kl. 16.00: Julaftangudsteneste

Sæle kyrkje kl. 14.00: Julaftangudsteneste

Tjugum kyrkje kl.16.00: Julaftangudsteneste

Juledag

Tjugum kyrkje kl. 12.00: Høgtidsgudsteneste

Stedje kyrkje kl. 12.00: Høgtidsgudsteneste

Fjærland kyrkje kl. 15.00: Høgtidsgudsteneste

Nyårsaftan

Stedje kyrkje kl. 16.00: Nyttårgudsteneste

KONSERTAR OG ANDRE ARRANGEMENT

Stedjetunet onsdag 3. desember kl. 18.00:
Foredrag ved Roar Strømme -
«Det lysande mørkret». Tru og truspraksis i
Jon Fosse sitt storverk Septologien

Kaupanger stavkyrkje fredag 5. desember kl. 18:00:
Salmekveld med nynorske julesalmar.
Judith Vestrheim med fleire

Stedje kyrkje tysdag 9. desember kl. 18.00:
Atle Pettersen – Tusen julelys

Ølmheim kyrkje torsdag 11. desember kl. 16.00:
Julekonsert med lokale krefter

Kaupanger stavkyrkje laurdag 13. desember kl. 16.00:
Konsert med Louise Tveito med fleire.

Fjærland kyrkje søndag 14. desember kl. 15.00:
Julekonsert med lokale krefter

Skogly, Kaupanger søndag 14. desember kl. 16:00
Julekonsert med lokale krefter

Tjugum kyrkje søndag 14. desember kl. 17.00:
Julekonsert med lokale krefter

Stedje kyrkje søndag 14. desember kl. 19:00
Julekonsert med lokale krefter

Stedje kyrkje tysdag 16. desember kl. 12.00
og kl. 18.00: Konsert med Trudvang skule

Leikanger kyrkje onsdag 17. desember kl. 18.00:
Julekonsert med lokale krefter

Stedje kyrkje søndag 22. desember kl. 19.30:
Vi syng jula inn!

Stedjetunet måndag 29. desember kl. 16.00:
Juletefest for små og store

*Vel møtt til ei kyrkje
nær deg i jula!*

Velkommen til gudsteneste

Med atterhald om endringar. Følg med på nettsidene våre sogndal.kyrkja.no, på sosiale medium (Kyrkja i Sogndal) eller i Sogn avis for meir informasjon om kvar einiskild gudsteneste.

DESEMBER

7. desember

Stedje kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste

For lysmesser, julekonserter og gudstenester i jula, viser vi til eigen oversikt på forrige side

JANUAR

4. januar

Tjugum kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste

11. januar

Stedje kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste

14. januar

Stedje kyrkje kl. 19.00 Stille kveld

18. januar

Kaupanger bedehus kl. 11.00 Gudsteneste
Tjugum kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
Leikanger kyrkje kl. 19.00 Salmekveld

25. januar

Fjærland kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
Sæle kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
Stedje kyrkje kl. 19.30 Kveldsgudsteneste

FEBRUAR

1. februar

Stedje kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
m/utdeling av 11-årsbibel
Tjugum kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
Leikanger kyrkje kl. 17.00 Gudsteneste
m/utdeling av 11-årsbibel

8. februar

Fjærland kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
m/utdeling av 11-årsbibel
Ølmheim kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
m/utdeling av 11-årsbibel
Kaupanger bedehus kl. 17.00 Gudsteneste
m/utdeling av 11-årsbibel

11. februar

Stedje kyrkje kl. 19.00 Stille kveld

15. februar

Stedje kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
Tjugum kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste

22. februar

Kaupanger bedehus kl. 11.00 Gudsteneste
Sæle kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
Leikanger kyrkje/Husabø gravplass kl. 19.00 Fakkeltoggudsteneste

MARS

1. mars

Stedje kyrkje kl. 11.00 Sprell Levande-
gudsteneste
Tjugum kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
Nortun kl. 18.00 Kyrkjelydsfest

8. mars

Leikanger kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
Kaupanger bedehus kl. 11.00 Gudsteneste

11. mars

Stedje kyrkje kl. 19.00 Stille kveld

15. mars

Stedje kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
Tjugum kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
Fjærland kyrkje kl. 15.00 Gudsteneste

22. mars

Leikanger kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
Sæle kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
Kaupanger kyrkjestove kl. 19.30 Kveldsgudsteneste

29. mars – Palmesøndag

Fjærland kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
Fjordtun oppvekstsenter kl. 11.00 Gudsteneste
Kaupanger kyrkjegard kl. 15.00 Påskevandring